

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Velfjord.

Emne: Vannbering.

Bygdelag:

Oppskr. av: Knut Strømpdal.

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko av eigerøyne

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har elles fleire heimelsmenn.

SVAR

1. Her er det vanleg at vatn til stue eller fjøs vert bera inn med vassele i to bytter. Vasselet vert her kalla vasstre eller børtre. (Bøyning : Vasstre, eit. Vasstreet. Børtre, eit. Børtreet.) Før var det vanleg dei bruka to trebytter å bera vatn i, no er det vanleg å bruka bytter av blikk istaden for av tre. Men vatne vert bera inn på dei fleste gardane endå. Det vasstre som vert brukt er uthola for akslane f mitt på treet, og det vert bera ei bytta på kvar sida. Vasstreet kviler på akslane under beringa. På kvar ende av vasstreet var det ~~ix~~ eit bereband. Vanlegast er berebandet ei lite jarnlenkje, men det kan sumtå hende berebandet er av taug eller er av lerreimar. Berebandet er fest til beretreet med ein king av jarn og andre enden er fest til vasstrekreken som byttekjelpen vart hekta på når ein skulde bera vatn. Vasstrekreken er av jarn. Vasstreet vert og kalla børtreet. Det vart og nytta til anna enn vassbering. Til å bera heim ber t.d. i bytter vart og børtreet nytta. Trebytter ~~kix~~ vert endå nytta til vassbering. Sidan hundreårsskiftet er

2 det etter kvart vorte meire og meire vanleg med bytter av blikk. Men under siste heimskrig kom trebytter atter meire i bruk då det vart så vant å få kjøpa bytter av blikk. Men ~~xx~~ endå er det berre få gardar som har innlagt vatn , så bering er endå den mest vasshentningsmåten.

2. I Velfjord har det vere og er framleis vanlegaste måten å bera inn vatn i te bytter. Var vegen lang kunde ein dra eller køyre vatn i kar med legger på og kanskje låk over. Men å bera inn vatn i slike kar har eg ikkje høyrte om. Men inne i husa var det vanleg allvisst før , at dei hadde eit kar eller ein vassstamp å slå vatnet opp i når det var bera inn. I fjøset var det eit kar eller ei tynna til å ha vatn i. I seinare tid er det lagt inn vassrenner i fjøset dei slår vatne i når dei ber. Byttene dei ber vatn i vert kalla vassbytter. Tynna i fjøset vart kalla vassstynna, var det kar vart det kalla vasskaret. Vassstampen dei pla ha inne i stua før kunde taka ein tre eller fire bytter. Den var arbeid med tre stutte føter under og det var låk over. Ofte var låket slik at det var gengjarn på mitten og berre eine halvta vart lyft opp når ein skulde slå vatn opp i eller taka vatn er stampen. Før å hindra at vatne skvulpa før mykje over og ut av byttene kunde dei ha små riskvistar oppe i vassbyttene, eller dei kunde strø snø i byttene.

Når ein køyrde eller dreg vatn kunde ein ha låk over karet eller tynna ein henta vatne i.

3. Å ha vasskaret på ei ski under vasshentinga har ikkje vere brukt det eg har høyrte. Men det har hent at ein har lete rendt på på ski og bere heim vatn. Ein bar då vatne i bytter eg med boretre som vanleg berre ein hadde ski på føtene. Men vatne kunde eg verta drage på ein kjelke, eftast ein skikjelke. Ein vassstamp vart gøyrd fast til kjelken med eit gøyretaug. Ofte var det te til å dra, den eine gjekk føre og dre med dragebandet og den andre skuva på og gjekk etter. Var ~~xxxx~~ vegen hard kunde eg ein vanleg kjelke verta nytta.

4. Å bera vatn har høyrte mest kvinnfolka til. Var det tenestgjente på garden var det eftast he som hadde vassberinga. Hadde dei inga hjelp på garden var det eftast kena som laut bera vatn. Var det vaksne born var det dei som hadde vassberinga. Men av og til kunde det eg vera mannfolka som bar vatn. Vassbering høyrde ikkje til dei arbeid som var rekna for reint kvinnfolkarbeid. Og serleg om vatne laut hentas lange vegar, dragas eller køyras var det mannfolka som laut ut. Køyring var rekna for mannfolkarbeid i alle høve. Var det mannlege tenarar på garden var det desse som laut ut, eller det var vaksne søner. Å draga var eg som eftas rekna for mannfolkarbeid.

5. Som alt nemnt er det metoder som har vere nytta i uminnelege tider og som er nytta framleis. I Velfjerd er det ingen stergardar og skildnaden millem dei ymse bruk kva drivsmåter vedkjem er ikkje nemnande. Det einaste kan vera

at det på gardar der det er tenarar , er det desse
 som har vassberinga. Ein og anan garden har nok fått
 innlagt springvatn, men det er ikkje mange. Men vegen
 dei har å bera vatne på kan vera ster skilnad på.
 Før å koma med nokre døme. I Granås har dei ~~set~~^{ett}
 vassskjul berre ein fire fem meter frå fjøset og der
 hentar dei vatn. Vassskjulet er oppsett av bindings=
 verk og berd over eit lite bekkjesike. Vatne renn
 etter ei vasstre som dei sett bytta under så vatne
 renn ned i. I Strømpdal var det oppsett eit vasshus
 over ei vasskjelda ein seksti meter frå garden.
 Men i lang turke vart kjelda tom og vatne laut
 hentast frå ein bekk halvanna hundre meter frå
 garden. I ster turke laut vatne i Hommelstø hen=
 tast frå Rugåshylla ein kilometer ifrå pålag.
 Sume stader har dei opne brønnar dei hentar vatn
 frå. Der har dei då ferutan beringa, og snømekinga
 når/dei skal bera vathø.

6. Som alt nemnt har det vere bruka å køyre
 heim vatn. Det har ikkje vere det vanlege, det var
 helst under lange turkerier då det vart emfram
 lang vassveg det var meire som vanleg å køyre vatn
 om dei då ikkje drog det heim på kjelke, som i slike
 høve var det mest vanlege. Når dei køyrde var det
 mest vanleg å bruka slede, då det oftast var på
 vinterføre det vart køyrd vatn. Men under turkerier
 om sumaren har det hent at vatn og har verte
 køyrd heim på vogn. Når ein køyrde vatn hadde ein
 oftast større kar eller tynner ein sette på sleden
 eller vegna og ~~køyrde vatn opp i og~~ auste vatn opp i og
 køyrde heim med. Der vart det så aust frå karet

5
eg bere inn i stue eller fjøs der det vart tømt over i
i dei vanlege kar ein gøynde vatn i.

I den alra seinste tida har folk i slike
høve brukt sparkestuttingen når dei henta vatn.
Dei sette då bytta opp på sparken og skuva denne
framfyre seg. Det har eg hent at bil har vere nytta ~~xxx~~
ved hentning av ^{4m}vatn, men sers skjeldan.

7. Kørleis tilhøva er no til dags er alt
svara på før mykje gett. Det er ikkje mange stader
på vanlege gårdsbruk dei har innlagt vatn i både
stue og fjøs. Nokre få har innlagt vatn i stua,
nokre andre i fjøset. Men dei alle~~de~~ fleste lyt
framleis bera vatn både til stue og fjøs. Der dei
har så stutt vassveg at det berre er nokre meter
å gå, der ber dei vatne inn i bytter, dei ber i ~~xxxxxxx~~
hendene utan å nytta vasstre. Det er ikkje så
få gardar som har så stutt veg. Men mange stader
lyt dei endå nytta børtre og bytter når dei skal
henta vatn. Køyring og ~~xx~~ draging av vatn er ikkje
bruka anna enn i serlege høve under lang turke.
Og ein har ikkje berre arbeidet med å bera vatne,
ein lyt og trø eller meka veg ~~der~~ ein skal gå
med ein ber vatne. Og er det ikkje oppsett hus
eller skjul over vasskjelda., har ein eg å meka
opp vasskjelda før ein får taka til med beringa.
Det er mogleg at mannfolka mange stader lyt taka
seg meire av vassberinga no enn før. Men mange
stader er det endå kvinnfolk arbeid.

6

Bøyning av nekre ord :

Vassbering, ei (bera vatn) . Vassberinga.

Vasstre, eit. Vasstreet. = Bøtre, eit.

Vassveg, ein . Vassvegen. (Vegen ein har å bera
vatn på) .

Vasstunna , ei. Vasstunner.

Vasstamp, ein . Vassstampen.

Vasstre, ei. Vasstrea.

Vassrenna, ei. Vassrenner.

Vasstrekek, ein. Vasstrekeken.

1327

Nordl
Velfjord


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR: NORSK FOLKEHUSEL.
BYGDGY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bære vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over skula, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Nei.

Fiskebein kunne nok av og til overta kasta gjørdem og brensel, men var aldri rekomb for brensel.

Anders Skjerve

3393

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Nordland fylke, Velfjord herad.